

# ISFLAKET

Polarmagasin frå Ishavsmuseet. Nr. 3— 2024 26. årgang kr. 90,-



## Våre ishavsviser:

### Norrøna-visa

Harpen jeg stemmer og synger en sang,  
hør på og syng med om du vil.  
Men sangen kan kanskje bli eder for lang,  
men jeg skal ei løgn legge til.

Anledningen kaller tilbake især,  
den nittande april i år.  
Vi måtte forlate den vi hadde kjær,  
en reise for Grønland at gå.

Når befal og mannskap var tretten i tal,  
da falt ikke tiden oss lang.  
Men avskjedens time, de dansendes sal,  
i tankene kom mang en gang.

Sangen den kaller tilbake den stund,  
vi slektninger og venner forlot.  
Men korsets to farver i blodrød bund,  
det gav oss et varmere blod.

Kommando blev given, i stillhet og ro  
forlot vi den lystige havn.  
Og skipet det seilte, i kjenner vel jo  
«Norrøna», det prektige navn.

Nu seiler vi lystig, thi vinden var god,  
mens vi over bølgene for.  
Og manet vår tanke fra sommer og sol  
alt opp til det iskolde nord.

Uhindret vi seilte ti dager- og tre,  
den fjortende dagen opprant  
i isen til like en seiler fikk se,  
hans mål var det isfulle land.

Derefter blev veien besværlig at gå,  
når stormen og sjøen brøt frem.  
Innesperret i isen en uke vi lå  
før vi fikk nu seile igjen.

Således rant tiden og ukene hen  
til «Sleipner» i selskap vi fikk.  
Da seilte vi gjennom ismassene frem  
så stykker av baugen utgikk.

Ennu blev veien besværlig at gå:  
Thi stormene rasende titt.  
Og fare mot fare for øynene lå,

men tilykke vi alle ungikk.

Nu var det på tide vi landet fikk se.  
Thi modet det tapte hver mann.  
Vår kaptein han lod ei sit mod falle ned  
det hadde han prøvet en gang.

Når landet vi hadde, og målet var endt  
da vende og lykken sig om.  
Thi selv om vår tanke til Grønland var vendt,  
så skulde skjebnen ved målet bli bom.


Aldrig i verden av minne det går,  
det var jo en sørgelig stund.  
Oppskrive vår lidelse ei jeg formår  
det forklarer jo bedre vår mund.

Ulykken oss ramte en halv mil fra land  
der knustes «Norrøna» blant is.  
Vår redning til «Sleipner» tilskrev jo hver mand  
som var tilredt på ynkelig vis.

Således vår redning, et svigtende håp  
til «Minna» og «Havfruen» kom.  
De mottok oss vennlig, forsultne og våt'  
og mettet vår hungrige munn.

Tilslutt vil jeg takke mannskap og befal  
som førte oss skibbruddne hjem.  
En takk til vår kaptein som er fra den dal  
hvor hans lykke må blomstre igjen.

Enhver som vil vite hvem visen har gjort  
og lyst til at høre hans navn.  
Da visen blev skrevet jeg flyttede det bort  
til versenes yderste rand.



«Norrøna» forliste 19. juli 1901 ved Grønland

## Meir last

Ein av dei kjende ishavsskipperane i bygda var av det litt romslege slaget. No låg han med skuta si i Tromsø og venta på leidebrev, fangstløyve for fangst i Kvitsjøen, i lag med mannskapet sitt. Som vanleg var, sat dei på Ølhallen for å få tida til å gå, som dei sa.



Ut på kvelden, etter at promillen var på stigande, ville ein av mannskapet "hjelp" skipperen med å finne eit kvinnfolk til han so han fekk gjere sjøklart. Han kom over ei stillferdig dame bakarst i lokalet som var villig til å hjelpe til. Skipperen tok henne med i småskogen litt opp i gata, fekk av seg kleda og sette i gang. Still som ho var så meinte skipperen at han måtte no seie noko for å få praten i gang.

"Nå, ka du seie, du he vel ikkje hatt så tung dekkslast på deg før du?"

- "Nei, æ har nok ikke det, men æ sku ønska at æ også hadde litt meire last ned i rummet...!"

**\*\***

## Hole Severin

I messa på Polarbjørn, som ligg og levera selskinn ut på Storebuda, sit karane og et middag. Det var potetball med flesk og saltkjøt. Hole-Severin sit og skrønar frå Amerika. Han hadde vore djupvannsseilar der. Smekk sit og høyrer på, men trur no berre så måteleg på det han høyrer.

Hole-Severin fortel om eit ofseleg stort hønseri han skal ha sett der borte.

«Ja, kor stort det var då??» ville Smekk vite. Hole-Severin fortel at det var so stort at i eine enden låg ein båt og lossa kylling, og i andre enden låg der eit lastebåt og lasta egg!

Då svelg Smekk rongt og får eit kjøtbein i halsen. Han vert blå, og to mann ber han ut og legg han på luka og får omsider beinet laust. Berre Holen merkar ingen ting, han skrønar vidare....

## Innhald

|                            |         |
|----------------------------|---------|
| Karl Norbeck               | side 4  |
| Vraket av «Quest» er funne | side 12 |
| Frå arkivet                | side 17 |
| Lov og rett i Sidney       | side 23 |
| Som brødre vi dele         | side 26 |
| Eit 100 års minne          | side 30 |
| Kongens medalje til Willy  | side 33 |
| Dagbok Hallvard Devold     | side 35 |

## ISFLAKET

**Polarmagasinet utgitt av Ishavsmuseet og Ishavsmuseets Venner.**

Adresse: Ishavsmuseet, Brandalsvegen 28, 6062 Brandal

Tlf. 95 11 76 44

**Redaksjon:** Webjørn Landmark, redaktør og oppsett. [webjorn@ishavsmuseet.no](mailto:webjorn@ishavsmuseet.no)

Opplag 800. Årskontingent / abonnement kr. 400,- fritt tilsendt. Bedrifter kr. 750,-

[www.ishavsmuseet.no](http://www.ishavsmuseet.no)

[www.facebook.no/aarvak](https://www.facebook.no/aarvak)

**Forsidefoto:** «Norsel» i Austisen 1984. Foto frå Erling Sverre Nordøy

ISSN 1891-9480

# KARL NORBECK: Fascist, sterk mann, meisterbrytar og sirkusdirektør – med eiga ishavsskute.

Av Magnus Sefland

Grunn til det følgjande er arkeolog Jan Ingar Thon sin artikkel i *Aftenposten Historie* nr 4/2024: ‘Fascisme og sirkus med den nasjonale legion’.

Fascisme, bryting og sirkus har tilknytning til sirkusdirektør Karl Norbeck. I åra 1927 og 1928 var Norbeck ein meir eller mindre sentral person i Den Nationale Legion, ei spontan nasjonal-konservativ rørsle rundt stortingsvalet i 1927. Men i Thon sin artikkel er det ikkje nemnt med eit einaste ord at Karl Norbeck i desse åra også stod som eigar av ishavsskuta MS *Polarbjørn* (bygd i Narvik i 1919).



Cirkusdirektør Norbeck. Foto Narve Skarpmoen  
Bilde er henta frå Nasjonalbibliotekets bildesamling.

## ***Polarbjørn* sine skiftande eigarar:**

*Polarbjørn* skal opphavleg vore planlagd for turistprega fart på ishavet. Der dei fleste ishavsskuter hadde opne gangar på begge sidene av caisinga, hadde *Polarbjørn* utvendige lugarar med lysventilar for utsikt. Mellom caisinga og dei utvendige lugarane var ein gjennomgåande gang i skuta si lengderetning.

Skipsbyggjar Nils Jakobsen i Narvik – far til flygarpioneren Giske Jakobsen - vart sjølv ståande som hovudeigar og disponent av skuta dei første åra. Tingaren makta ikkje å betale skuta fullt ut.

Deretter var det kortvarige eigarforhold, med fleire tvangsforretningar, før nye eigarar kom inn i bildet: Sandnessjøen Privatbank (med Jan Knoph i Tromsø som disponent for skuta); Einar Amundsen i Ålesund; nemnde Karl Norbeck i 1926-28; Johan Thorvik i Ålesund.

I den tida Nils Jakobsen og Sandnessjøen Privatbank stod inne for *Polarbjørn*, vart skuta brukt i fraktfart på kysten og for Store Norske Spitsbergen Kulkompani på Svalbard. I tillegg eit par ekspedisjonsturar til Frans Josef Land og Novaja Semlja, ein av dei for britisk forskning. Ein annan ekspedisjon til same området var for den norske etnograf og oppdagingsreisande Adrian Jacobsen frå Troms. Etnografen budde i lang tid i Tyskland og samarbeidde med blant andre Hagenbecks dyrepark i Hamburg.

Det året Einar Amundsen (‘Kafe-Amundsen’) i Ålesund åtte skuta, var ho på ein torsketur til Vest-Grønland, med Johan P. K. Olsen som skipper. I tida Johan Thorvik åtte skuta, vart ho brukt til selfangst, sildefiske og fraktfart.

Den stadige skiftinga tyder på at skuta ikkje var nokon økonomisk suksess for eigarane. I 1930 overtok Peter S. Brandal og Martin Karlsen i Brandal. Med det fekk skuta stabile eigarforhold. Forfattaren Trygve Nordanger karakteriserte Brandal/Karlsen si overtaking av *Polarbjørn* som eit ‘gullkjøp’.

*Polarbjørn* vart brukt til ei rekkje vitskaplege ekspedisjonar til Nordaust-Grønland på 1930-talet. Brandal/Karlsen overtok skuta om lag på



*«Polarbjørn» på selfangst i tida Johan Thorvik var reiar. Foto Peder Åkre frå Anny Bjørke.*

same tid som usemja om råderetten over Aust-Grønland var på det mest tilspissa. Til den norske ekspedisjonen til Nordaust-Grønland i 1932 vart skuta ombygd. Den opne brua vart innebygd til styrehus, og skuta fekk sterkare hovudmotor og større skorstein.

I 1938 var skuta med på starte norsk selfangst i moderne tid ved Newfoundland. Under andre verdskrig var skuta i Amerika i charter for det amerikanske militæret. Skuta forliste på fangstfeltet ved Newfoundland i 1949 etter ein brann som starta i maskinrommet.

### **Karl Norbeck (1867-1939):**

Fødd på Jessheim i Ullensaker. Foreldra var Marthe og Christoffer Norbæk. Faren var gardbrukar, vognmann og skysskar. Frå barndommen vart Karl vand med dyr – og glad i dyr.

Karl var ein uvanleg velvaksen og veltrent, sterk mann – ‘en bredskuldret kjempe’. Som ung reiste han til sjøs. Han slo seg ned i USA i 1887 og livnærte seg først som matros på rikfolk sine lystbåtar i sommarhalvåra og som bygningsarbeidar i vinterhalvåra.

Seinare livnærte han seg som ‘sterk mann’; boksar, vektløftar, brytar og brytetrenar og gruvearbeidar. Det vart fortalt at han kunne klemme femøringar saman og rive over to kortstokkar på langs. Han kunne dei fleste av atletsportane sine knep og triks. Men han hadde ikkje rykte på seg for å vere slåstkjempe eller brutal. Tvert imot: han gjekk for å vere snill og hjelpsam. Frå barndommen var han vand med hestestell og dreiv også med hesteal og travløp. Han var opptatt av å handsame dyra fint.

I 1895 kom han tilbake til Norge. Og livnærte seg vidare som ‘sterk mann’: bryting, boksing og vektløfting, og trenarverksemd i desse disiplinane. Han la vekt på helsesam livsførsel, og han var motstandar av bruk av tobakk og brennevin.

I 1904 kjøpte Norbeck eit svensk sirkus som hadde gått konkurs. I åra 1905-1929 dreiv han Cirkus Norbeck både i hovudstaden og på turnear. Turneane gjekk i Oslofjord-området og mot Sørlandet, med forestillingar blant andre i Skien. Han prøvde seg også i både Kristiansand og Stavanger. Men begge dei stadane vart han nekta tilgjenge – til fordel for utanlandske sirkus.




ill Karl Norbeck, Oslo museum

På turneane var han i stor grad avhengig av sjøverts transport. Han skal visstnok ha prøvd seg også nordafjells. Informasjon om det er svært sparsam. Men under fart over Hustadvika i dårleg ver skal det ha vore vanskar med å halde sirkushestane i ro. (Det er ikkje kjent at *Polarbjørn* var inne i bilde ved den transporten).

I Kristiania/Oslo hadde Norbeck sirkusteltet på den sentralt plasserte 'bestefarstomta': Stortingsgata 28. Seinare vart der reist eit forretningsbygg på tomte, omkransa av blant andre Abelhaugen, utanriksdepartementet, Nationaltheatret og Nationaltheatret stasjon.

Sirkuset skal på det meste ha omfatta rundt 50 personar og 20 hestar. Norbeck inviterte gjerne sterke personar blant publikum til brytekamp i manesjen. Sirkuset skal, etter rykta, også hatt ville dyr. Ein gong skal ein brunbjørn (mest truleg ein bjørnunge) ha tatt laust mot tribunen og skapt panikk. Norbeck skal sjølv ha sprunge etter, fanga bjørnen med eigne hender, bore dyret med seg tilbake til manesjen og bunde det fast.

Karl Norbeck dreiv Cirkus Norbeck gjennom skiftande tider. Åra under første verdskrig var blomstrande oppgangstider i økonomien. På 1920-talet vende økonomien til krise. Norbeck




Plakat frå Cirkus Norbeck henta frå Wikipedia.

heldt sirkuset i drift til 1929, sjølv om 1920-talet var ei tid med økonomisk uro.

Norbeck var nært knytt til heimbygda på øvre Romerike og gav betydelege ytingar til Ullensaker Idrettslag. Han skal i 1932 ha gitt 10 000 kroner til bad og klubbhus ved Jessheim gamle stadion. Seinare vart det reist ei byste av Karl Norbeck på Jessheim. Ein veg på Jessheim har fått namnet 'Karl Norbecks veg'.

Om sitt politiske syn skal Karl Norbeck ha sagt følgjande: '--- Jeg skulle ønske jeg fikk regjere Norge i tre år. Da ville jeg sette 25 mann i Stortinget, virkelige norske nordmenn og mannfolk. Da skulle det bli vei i vellinga! ---'. (Thon).

I seinare tid har somme tatt til orde for å fjerne bysta av Norbeck – på grunn av hans fascistiske haldningar. Så vidt vi veit står bysta der framleis.



*Byste av Karl Norbeck på Jessheim.*

### **Nasjonal-konservative grupperingar:**

Den russiske revolusjonen i 1917 og framveksten av den politiske og faglege arbeidarrørsla i Norge la grunnlag for framvekst av ei rekkje nasjonal-konservative grupperingar som motvekt. Tidleg på 1920-talet hadde Arbeidarpartiet si mest radikale tid, knytt til det kommunistiske styret i Russland. Dette gjorde at mange i politiske og militære krinsar var redde for at kommunistisk revolusjon skulle breie seg også til Norge.

I dei nasjonal-konservative grupperingane som oppstod som motvekt mot den politiske radikaliseringa, var det eit ønskje om ein 'sterk mann' på toppen av samfunnspyramiden. Ei slik gruppe var Fedrelandslaget, der tidlegare statsminister Christian Michelsen og polarforskar Fridtjof Nansen var medlemmer. Blant anna kom det framlegg om Nansen som statsminister, men det var det ikkje parlamentarisk grunnlag for. Ein av dei som stilte seg negativt til tanken om Nansen som

statsminister, var høgreleiar Carl Joachim Hambro, med sin kjende uttale: '*--- Vi kan ikke gjøre en hvilken som helst skiløper til statsminister. ---*'. (Thon).

Før stortingsvalet i 1927 oppstod det ei laust organisert gruppe under namnet Den Nationale Legion. Gruppa hadde ikkje nokon partiorganisasjon eller partiprogram. Det heitte seg at gruppa ville '*stanse det kommunistiske opvigleri, forhindre at barn og ungdom opdrages til hat mot sitt herlige fædreland, umuliggjøre det planlagte røde kup, gjenreise det nationale samfundsliv, gjenreise vort forsvar og den nationale disiplin*'. (Wikipedia).

Dette ville gruppa oppnå ved å avskaffe Stortinget og parlamentarismen og setje inn ei diktatorisk regjering. Visstnok etter mønster av Italia sin fascistdiktator Mussolini.

Ein slags leiar i gruppa var direktør Karl Meyer, ein svoger til den heller radikale forfattar Helge Krog.

Første offentlege møte i gruppa var i mai 1927. I kunngjeringa av møtet heitte det at 'kommunistar frabedes' og at uro ville det bli slått hardt ned på. Det siste sorterte under ein i dobbel forstand 'sterk mann': Karl Norbeck. Og han utførte sine oppdrag til gagns.

Ein av kritikarane mot gruppa var forfattaren Sigurd Hoel, forfattarkollega og i stor grad meiningsfelle med Helge Krog. Hoel deltok som tilhøyrar på eit møte. Han vart med rette oppfatta som kritisk motstandar mot gruppa og var derfor uønskt på møtet. Norbeck tok Hoel under armen og bar han ut frå møtet. Ein annan som visstnok skal ha fått ei 'lusing' frå Norbeck, var ein ung Einar Gerhardsen.

Som del av programmet deklamerte skodespelaren Egil Eide teksten til '*Ja, vi elsker*' – eit mottrekk mot den sosialistiske '*Internasjonalen*', som vart nytta som markør i radikale krinsar. Under deklameringa av '*Ja, vi elsker*' slo lyden frå høgtalaren tilbake, til tydeleg plage og irritasjon for Eide. Då han var ferdig, gav han spontant frå seg ei irritert

kraftsalve: ‘*Fy for faen som stemmen slår mot meg fra det fordømte anlegget!*’ – Dette før nokon ansa på å slå av mikrofon og høgtalar. Det som gjekk ut over høgtalaren før nokon oppfatta situasjonen og nådde av-knappen, var teksten til ‘*Ja, vi elsker*’ – pluss eit irritert og ektefølt ‘*fy for faen*’. (Thon).

I det heile tatt: Rundt Karl Norbeck og Den Nationale Legion var det sirkus - både slik og sånn. Ved valet i 1927 fekk Den Nationale Legion støtte frå 0,1 prosent av veljarane og ingen mandat på Stortinget. I 1928 vart gruppa avvikla. Leiaren Karl Meyer skal ha sagt offentleg at han aldri meir skulle blande seg inn i politikk.

Den Nationale Legion hadde to aktive år i 1926 og 1927. Då gruppa ikkje fekk noko gjennomslag ved stortingsvalet i 1927, gjekk gruppa i oppløysing i 1928. Somme av personane søkte tilhald i andre parti med eit visst konservativt forteikn: Høgre, Bondepartiet og Frisinnede Venstre.

Norbeck melde seg ut av Den Nationale Legion. I 1931 gjekk han inn i ein høgreorientert organisasjon som under skiftande namn var meir orientert mot tysk nasjonalisme enn mot italiensk fascisme. Der var han passiv medlem. Norbeck døydde i 1939 og opplevde ikkje at Norge vart hærtatt av tyske styrkar i 1940.

Den Nationale Legion vart oppløyst fleire år før nazistane kom til makta i Tyskland i 1933 – og Vidkun Quisling skipa sitt norske naziparti Nasjonal Samling. Nazipartiet ser ikkje ut til å ha overtatt særleg mykje av restane etter Den Nationale Legion.

### **MS *Polarbjørn* i Karl Norbeck si eige:**

Det finst sparsomt med opplysningar om kva *Polarbjørn* vart brukt til i tida i Norbeck si eige. Eigaren sine idear om bruk verkar tilsvarande luftige.

Norbeck kjøpte skuta frå Einar Amundsen i februar 1926 og fekk henne fiskeriregistert i Oslo med merket O 37 O. Norbeck åtte skuta nær to år, til han selde henne til Johan Thorvik i Ålesund i januar 1928.



*Til rors på «Polarbjørn», mest truleg i 1928.  
Foto Peder Åkre frå Anny Bjørke.*

I Norbeck-tida var skuta to turar i Vestisen: 1926 og 1927. Vi har ingen sikre haldepunkt for at Karl Norbeck sjølv var med på nokon av vestisturane. I det mest aktuelle tidsavsnittet i 1927 var Norbeck blant anna opptatt med å vere myndig og handlekraftig ordensvakt på Den Nationale Legion sine offentlege møte.

I 1926 skal *Polarbjørn* ha hatt med skipsmannskap på 21 mann og seks (venteleg pengesterke, betalande) ekspedisjonsdeltakarar. Skipper var Harald Horntvedt (1879-1946) frå Sandefjord. Horntvedt var i 1927/28 skipper og ekspedisjonsleiar på ekspedisjonen med DS *Norvegia* (ex *Vesleper* (1919), seinare *Kvitøy* av Vartdal) til Antarktis. Det var den ekspedisjonen som 01.12.1927 annekterte Bouvetøya for Norge.

I 1926 kom *Polarbjørn* tilbake frå Vestisen med ein fangst på 740 sel. Ingen levande polare dyr. Derimot hadde skuta fått øydelagd propellen i isen og må ha tatt seg heim ved hjelp av segla. I Harstad fekk skuta ny propell.



«Polarbjørn» med god dagsfangst sel, truleg 1928. Foto Peder Åkre frå Anny Bjørke.

Om vestisturen 1927 heiter det at skipper var Hans Furland og at skuta kom heim med 2400-2500 dyr. Lasten skal ha vorte lossa i Ålesund. På heimturen frå Vestisen skal skuta ha vore inn om Jan Mayen og tatt med heimover to overvintrarar.

Hausten 1927 skal *Polarbjørn* ha lege i opplag i Mauseidvåg ei tid, fram til salet til Johan Thorvik i januar 1928.

### **Karl Norbeck sine motiv for å overta MS *Polarbjørn*:**

Det var stor interesse for kva Norbeck ville bruke skuta til. Oslo Aftenavis spurde Norbeck direkte i 1926. Intervjuet vart gjengitt nesten ordrett i ei rekkje aviser landet rundt. Her eit utsnitt av Norbeck sine svar, gjengitt etter Ottesen:

‘--- Det er egentlig ikke jeg som står for turen, men noen amerikanske venner, mangemillionærer fra New York. --- vi akter oss på en lengere ekspedisjon til nordishavet og derfor har jeg til ferden innkjøpt den prektigste ishavsskute som flyter på vannet. ‘*Polarbjørn*’ ligger nu i Ålesund og skal undergå en

*gjennomgripende ominnredning for å passe til vårt formål. --- Hovedformålet med vår ekspedisjon er å fange dyr og bringe dem levende tilbake. Vi skal fange selunger og hvalrossunger og især sjøløveunger. Skipet blir innrettet til å ta imot levende dyr. Vi begynner straks å dressere dyrene om bord og til sist vil vi ha et helt menageri om bord ---’.*

Det siste kan tyde på at nokon har tenkt i retning av dyrehage og/eller sirkus.

På spørsmål om kva sel- og sjøløveungar skulle forast med under vegs, fortalde Norbeck at dei skulle ha med to mjølkekyr frå Ålesund for mjølk til sel- og sjøløveungane. (Ottesen).

Kufor under vegs på ekspedisjonen vart det ikkje sagt noko om. Heller ikkje noko om korleis krøtera skulle plasserast om bord – og heller ikkje noko om korleis nokon kunne få til å mjølke dei i sjøgang.

(Etter opplysningar frå leksika lever sjøløver langs kystlinjene i Stillehavet. Dei skil seg frå pelsselar blant anna med at dei har tynnare pels. – Truleg lite av slike dyr i Nordishavet).

Norbeck fortalde også at dei ville inn til kysten av Grønland for å fange levande moskusdyr. Dette ville ha vore meir realistisk – så langt det gjald kalvar: på 1920-talet var fleire sunnmørsskuter inn til grønlandskysten. Der skaut dei vaksne dyr og tok vare på kjøtet – og tok levande kalvar med heim og selde dei til dyrehagar i Europa.

Norbeck gav derimot optimistisk uttrykk for at han ville fange levande, vaksne moskusoksar: ‘-- som gammel bryter skal jeg nok ta tyren ved hornene, jeg ---’.

Det er ikkje kjent at det vart gjort slik landgang på Aust-Grønland på nokon av dei to turane til isen. Tilbake frå turane hadde *Polarbjørn* – så langt vi veit - ikkje med nokon levande dyr.

Norbeck sine tankar og uttaler om formål og bruk av *Polarbjørn* framstår som så luftige og urealistiske at det - slik det vart forklart - knapt kunne takast på fullt alvor. Alt i alt framstår vel foretaket som eit heller urealistisk prosjekt – eit ‘sirkus’, sett i gang av folk med mykje pengar og mindre innsikt. Med Karl Norbeck som norsk kontaktperson. Norbeck karakteriserte amerikanarane som leigde *Polarbjørn* som ‘raringar’. Dermed distanserte han seg sjølv litt frå dei meir vidløftige sidene ved prosjektet.

Vestisturane med *Polarbjørn* gjekk føre seg på den tid det stod strid om råderetten over Aust-Grønland. I den striden var dei nasjonal-konservative norske kreftene ein del av det politiske spelet. Lite tyder på at vestisturane med *Polarbjørn* i 1926 og 1927 – med høve også til landgang på grønlandskysten – hadde noko å gjere med den pågåande usemja om råderetten over Aust-Grønland.

### ***Polarbjørn* – sirkusbåt?**

Ofoten Tidende i Narvik var ei av avisene som viste interesse for Norbeck og hans bruk av *Polarbjørn*. Naturleg, ettersom *Polarbjørn* vart bygd nettopp i Narvik. Avisa brakte 02.03. 1926 ei kort melding om at *Polarbjørn* var seld (frå Einar Amundsen) til sirkusdirektør Karl Norbeck.

Avisredaksjonen ymta gjennom overskrifta om at *Polarbjørn* kunne kome i bruk til å transportere Cirkus Norbeck rundt langs kysten. Norbeck hadde allereie prøvd seg med sirkusframsyningar på Sørlandet og Vestlandet – avhengig av båtskyss. Tanken om at *Polarbjørn* kunne brukast til slik transport, er snublande nær. På 1950- og -60-talet reiste Circus Løwe rundt på Vestlandet med ei frakteskute. Men vi har ingen sikker dokumentasjon på at *Polarbjørn* kom i bruk til slikt formål.

### **Sekstiårsfeiring – kanskje litt sirkus der også:**

I 1927 fylte Karl Norbeck 60 år. I høve dagen ser det ut til å foregått ei frodig feiring av jubilanten. Med eit preg av sirkus, hest og ishav. Møre Social-Demokrat – som ut frå avisnamnet truleg stod Norbeck politisk heller fjernt – hadde 06.07.1927 følgjande oppsett om jubileumsfeiringa på Jessheim – med ein svært spesiell meny:

*‘--- Karl Norbeck hadde i anledning sin 60 aars dag indbudt en del av sine mange venner til fest i Idrættens hus forleden.*

*Jubilanten blev overrakt en stor sølvpokal fylt med de deiligste blomster fra personalet. Fra venner ved Jessheim blev han overrakt et blomsteglas av sølv fylt med roser.*

*Der indløp en række telegrammer fra alle verdens kanter og taler og hurraer vilde ikke ta nogen ende.*

*Vi gjengir spiseseddelen nedenfor:*

*Sveperap-suppe av dresserte okser.*

*Avkokt sælhund fra M.s. «Polarbjørn» fanget i Nordishavet 20. juni 1867.*

*Gammel dressert gampefilet fra cirkus i Norge.*

*Louise & Karl Norbechs medbrakte is fra 76 gr. nordl. bredde.*

*Havre, kaffe, gaa væk.*

*Sørpe med tilbehør---’.*

Vi tvilar ikkje på at jubileumsfeiringa var eit lystig lag. (20. juni 1867 var Karl Norbeck sin fødselsdato. Formuleringa 'gaa væk' er truleg ein variant av 'kaffi avec').

#### **Ny eigar og ny heimehamn:**

Frå januar 1928 var *Polarbjørn* i eige hos Johan Thorvik i Ålesund. Skuta fekk då fiskeriregistreringa M 148 A. Dette året – 1928 – var skuta først på selfangst i Kvitsjøen, deretter på sildefiske ved Island og mot hausten i fraktfart til Sør-Sverige og Tyskland.

#### **REFERANSAR:**

**Informant:** Einar J. Olsen.

#### **Aviser:**

Romsdals Amtstidende 08.02.1926.  
Østlands-Posten 08.02.1926.  
Ofotens Tidende 02.03.1926.  
Harstad Tidende 13.02.1926.  
Søndmørsposten 02.02.1926; 30.04.1926.  
Møre Social-Demokrat (den seinare Sunnmøre Arbeideravis) 06.07.1927.

**Tidsskrift:** Thon, J. I. 'Fascisme og sirkus med Den nasjonale legion'. *Aftenposten Historie* 4/2024.

#### **Litteratur:**

Mikkelsen, P. S. 2019. *Nordøstgrønland 1908-60. Fangstmandsperioden – og den spor i dag*. Rønde, Danmark. Xsirius Books.

Nordanger, T. 1980. *Dramaet i Nordatlanteren. Februar 1980*. Bergen. Nordanger Forlag.

Ottesen, J. 2001. *Ishavsskuter III*. Ulsteinvik. Fotoarkivet.

#### **Nettet:**

Ishavsmuseet Aarvak. Skutekatalog.

Både Norsk biografisk leksikon og Store norske leksikon sine nettutgåver har same biografiske artikkel om Karl Norbeck, forfatta av Jørn-Kr. Jørgensen.

Sjøhistorie (Karl Norbeck nemnd med namn. Men elles ingen fakta).

Wikipedia.

# AASEN



## BIL-DEMONTERING AS

- BRUKTE OG NYE DELER
- OFF.GODKJ.VRAKMOTTAK
- NYE DEKK OG FELGER

☎ 700 37 900

[www.aasenbil.com](http://www.aasenbil.com)

# Skipsvraket av «Quest» er funnet på Newfoundland!

Av Tore W. Topp

Filmteamet vi hadde med oss under «Quest» Historisk Ekspedisjon på Nordøst-Grønland i 2001 fremmet allerede da et forslag om et mulig søk etter vraket av «Quest».

Det ble med drømmen den gang.

Plutselig en dag i november 2023 ringer direktøren på FRAM-museet, Geir O. Kløver, meg og forteller at Royal Canadian Geographical Society (RCGS) har kontaktet han i forbindelse med et foreløpig hemmelig prosjekt hvor de har planer om å gjennomføre:

ET SØK ETTER VRAKET AV «QUEST»!



*«Quest» forliser på Newfoundland 5.mai 1962.  
Foto frå Tore W. Topp*

I mars i år fikk jeg besøk av direktøren for RCGS, John Geiger og hans assistent Antoine Normandin sammen med Geir Kløver. Fram-museet kjente til Schjelderup arkivet som jeg har bygget opp over mange år, hvor «Quest» er den viktigste og mest kjente skuta i rederiet fra 1923 til forliset i 1962. Vi gjennomgikk all dokumentasjon jeg hadde rundt forliset. Det viste seg at dette var avgjørende informasjon for



*«Quest» forliser på Newfoundland 5.mai 1962.  
Foto frå Tore W. Topp*

en mulig gjennomføring av prosjektet. John og Antoine var meget begeistret. John Geiger kunne fortelle at de enda ikke var fullfinansiert, men med dette dataunderlaget på plass, ville det bli ekspedisjon. Både Geir og jeg ble invitert til å delta i ekspedisjonen «Quest-Shackleton Expedition 2024».

Kanadiernes bakgrunn for prosjektet «Shackleton-Quest Expedition 2024» var at «Quest» hadde vært ekspedisjonsskip på Shackleton-Rowett-ekspedisjonen i 1921-22. Denne ekspedisjonen er anerkjent som det siste kapittelet i den såkalte Heroic Age of Antarctic Exploration (1880-1922) - en epoke der Shackleton, Scott og Amundsen ledet banebrytende ekspedisjoner til det frosne kontinentet i vitenskapens og oppdagelsens navn. Shackleton døde om bord i «Quest» 5. januar 1922, 47 år gammel.

«Foca I» ble innkjøpt i Norge av Shackleton og omdøpt til «Quest». Han hadde blitt tvunget til å oppgi tidligere planer om å bruke «Quest» på en kanadisk arktisk ekspedisjon. Den nyvalgte kanadiske regjeringen til Arthur Meighen hadde trukket regjeringens støtte, som tidligere var lovet.

Shackleton måtte endre planene raskt. Han ville tilbake til Antarktis og redning ble hans venn fra



*Sir Ernest Shackleton vinker til tilskuere fra dekket på «Quest» da Shackleton-Rowett-ekspedisjonen forlater London 17. september 1921. Foto frå Tore W. Topp*

skoledagene, John Quiller Rowett, som gikk inn og finansierte hele Antarktisekspedisjonen.

At skuta i 1962 avsluttet sin sagnomsuste tjeneste og forliste i kanadisk farvann ble det avgjørende element for dette prosjektet.

Endelig kom meldingen fra RCGS om at ekspedisjonen nå var fullfinansiert med ekspedisjonsskipet «LeeWay Odyssey».

Det planlegges avgang fra St.Johns på formiddagen den 4. juni.

Vi forlot St. Johns på Newfoundland klokken 18.30 den 4. juni 2024 om bord i ekspedisjonsskuta «LeeWay Odyssey». Avgangen var flere timer forsinket fordi montasjen av søkeutstyret om bord hadde tatt lengre tid enn planlagt. Da vi endelig kom oss av gårde var været blitt dårligere, med tett tåke og regn og til dels grov sjø.

Planen var nå å teste ut søkeutstyret på et vrak av en ferge man kjente posisjonen på. Vår skipper hadde vært 3.styrmann på denne fergen.


Nå oppsto ytterligere forsinkelser på grunn av tekniske problemer med sonarutstyret. Skuta måtte returnere til St.Anthony, en liten by på nordspissen av Newfoundland for reparasjon. Ekspedisjonen mistet dermed et helt døgn som skulle ha vært anvendt i søket etter «Quest». Bekymring spredde seg om bord.



*Sonarutstyret skapte problemer. Spesialistene Craig Bulger og Sarah Walsh sjekker feilen på utstyret. Foto frå Tore W. Topp*



Vårt ekspedisjonsfartøy «LeeWay Odyssey» er et 37 meter stort oseanografisk forskningsfartøy som benyttes til datainnsamlings- og utplasseringsaktiviteter. Køyeplass til 24 personer. Foto frå Tore W. Topp.



Her er de siste posisjonene til «Quest» markert. Skuta forlot Bodø 21.februar og kom fram til fangstfeltet 6.mars. 1.april får de den avgjørende skaden i en kraftig isskruing.

30.april lekker skuta fortsatt kraftig, men to lensepumper holder vannet unna. 4.mai kommer Polarfart for å bistå. Situasjonen er alvorlig. 5.mai klokken 17.40 forliser «Quest».

Etter tre døgn var vi endelig kommet fram til søkeområdet. Ut ifra forlisposisjonen til Olav Johannessen var det etablert et søkeområde på tre ganger seks nautiske mil.

Her gikk vi frem og tilbake med sonaren på slep 8-900 meter bak skipet. Området var delt inn i 17 søkelinjer med start i senterlinje 9, forlisposisjonen. Scanneren skal holdes i en høyde på 35 meter over bunnen. Da dekker den 300 meter på hver side av søkelinjen. Spenningen var å ta og føle på. Under hvilken linje vil vi finne spor etter «Quest»?

På søndag kveld, seks dager etter avgangen fra St.Johns, hørte vi et rop fra skipets laboratorium. Et objekt, ca 400 meter under skipet, hadde begynt å dukke opp på skjermene.

Engelskmannen David Mearns og berømt skipsvrakjeger var leder for søket. Han konstaterte med sikkerhet etter siste kryssing over vrakområdet:

«Jeg kan definitivt bekrefte at vi har funnet vraket av «Quest». Skuta er intakt. Data fra høyoppløselige sonarbilder med sideskanning samsvarer nøyaktig med de kjente dimensjonene og strukturelle egenskapene til dette spesielle skipet. Det stemmer også overens med hendelsene på tidspunktet for forliset», konkluderte han.

## VI HADDE FUNNET «QUEST»!!

Oppdagelsen av «Quest» fant sted 150 år etter Shackletons fødsel. Ved hjelp av sonarutstyr og eksperter fra Memorial University of Newfoundland i St. Johns, ble vraket funnet i her i Nordvest-Atlanteren. Oppdagelsen var resultatet av et møysommelig forarbeid av Antoine Normandin. Antoine hadde forsket på historiske logger og kart, og kryssrefererte de historiske dataene med moderne teknologi for å bestemme hvor skipet kan være, basert på strøm, værforhold og andre faktorer. Utgangspunktet var Olav Johannessens posisjonsangivelse på forlisdagen. Denne posisjonen har et avvik på under 1000 meter fra vrakets posisjon i dag.

Dette er innenfor akseptabel feilmargin. Posisjonene var:

Olav Johannessens posisjon: 53.10.n og 54.27.v.

Dagens vrakposisjon: 53.10.n og 64.26.v.



*Sonarbilde av «Quest» som står på kjølen. Det gule avtrykket viser skuteomrisset, med stormasten liggende på bunnen til høyre for skroget. Like viktig som dette avtrykket er skyggen som skuta kaster på bunnen. Av denne skyggen antar man at skuta kan være bemerkelsesverdig godt bevart.*

«Quest Historiske Ekspedisjoner» har gjennom 8 tidligere ekspedisjoner over en 20-årsperiode oppsøkt Arktis i kjølvannet av «Quest».

Denne oppdagelsen av «Quest» representerer nå den siste store delen av dette puslespillet om historien til denne berømte skuta.

«Dette funnet av «Quest» er et av de siste kapitlene i den ekstraordinære historien om Sir Ernest Shackleton," uttrykte ekspedisjonsleder John Geiger begeistret, – Shackleton var kjent for sitt mot og sin briljans som kriseleder. Den tragiske ironien er at hans død om bord på «Quest», var det eneste tap av menneskeliv som fant sted på noen av skipene under hans direkte kommando». Det er planlagt en fotoekspedisjon i september 2024. Dypvannsdroner vil da endelig kunne bekrefte «Quest» sitt siste hvilested.



*En blid gjeng etter funnet av «Quest».*

*Fra venstre: Geir Kløver, Tore Topp og John Geiger For anledningen i ekspedisjonsgensere fra våre ekspedisjoner i 2001 og 2014.*



*Øverst fra venstre: Geir Kløver, direktør Fram-museet; Derek Lee, teammedlem; Jan Chojecki, barnebarn av John Quiller Rowett og forfatter av «Quest» Chronicle; John Geiger, ekspedisjonsleder og administrerende direktør, Royal Canadian Geographical Society; Tore W. Topp, forfatter, svigersønn av Ludolf Schjelderup; Katherine Smalley, teammedlem; Mark Pathy, teammedlem; Craig Bulger, prosjektingeniør, Memorial University of Newfoundland.*

*søkedirektør, Blue Water Recoveries Ltd.; Jill Heinerth, fotograf, Royal Canadian Geographical Society; Alexandra Pope, sjefredaktør, Royal Canadian Geographical Society*

*Første rad fra venstre: Sarah Walsh, geomatikk, Memorial University of Newfoundland; Martin Brooks, Shackleton.com; Antoine Normandin, assisterende søkedirektør, Royal Canadian Geographical Society; David Mearns,*

# John Giæver og fangsthyttene på Grønland

Av Kåre Rodahl

(Magasinet Nr 45-46 1946)



Det hendte i de dager for ikke så lenge siden, da pionerene våre holdt på å bygge ut denne nesten ukjente delen av polarkalotten. En mann i frostrimet reinskinn stanset ved noe som mest liknet en likkiste i snøen. Han åpnet en luke på taket av kista og krøp ned i den. Når han satt på golvet, stakk hodet hans opp av luka. Høyere var ikke «bistasjonen» inne i Loch Fyne i 1929. Og så nøysom var fangstmannen John Giæver fra Tromsø at han brukte denne hytta til overnattinger i to vintrer.



*Hytte ved Loch Fyne. Foto Magnus Sefland*

Og så kan en jo prøve å forestille seg en slik kveld i «bistasjonen». Giæver måtte ligge utstrakt med primusen ved siden av seg på jordgolvet. Så lang er Giæver at ingen vanlig sovepose strekker til. Bikkjene lå sammenstuvet i fotenden av boligen. Kaldt var det selvsagt og nokså ubekvemt. Sagaen sier at margarinboksen hans var alltid krydret med reinhår fra soveposen og at han spiste mer hår enn lapskaus der nede. Det er fortalt meg at han opplevde bikkjeslagsmål inne i kista og at han våknet om natten ved at en varg skrapte på lokket. Det



*John Giæver 1932.*

hendte at han fikk storm på seg i døgnet på rad og måtte ligge der til været spaknet.

Da jeg kom opp til Nordøst-Grønland 13 år senere, var alle de norske fangsthyttene blitt mye bedre. Selv i «bistasjonen» kan en nå stå oppreist og ligge noenlunde utstrakt. Men når en drar på langtur fra hytte til hytte, må en likevel minnes historiene om de innskrenkede «boligforhold» som gamlefolkene måtte slite med da det var mange mil mellom hyttene og mange dagsreiser fra mann til mann.

I begynnelsen hadde folkene våre lite å hjelpe seg med. Men hytter måtte de ha om det skulle bli fangst. De ønsket da rekvedstabber og laftet opp rene blokkhus av sibirsk furu og seder. De lagde korthus av tomkasser og kledde dem med gammel seilduk og moskushuder. Eller de bygde gammer av stein og torv over gamle eskimoruiner. De fleste av disse «husene» hadde selvfølgelig jordgolv, og ovner lagde karene av

tomme parafinfat. I noen av hyttene frøs de ved siden av en primus.

Og så hendte det at bjørn flerret moskushudene av veggene eller gikk tvers igjennom dem. En ragget moskus skubbet seg mot hytta slik at den raste i hop. Storm brøt takene av, og bjørn brøt dem ned. Det hendte ofte at karene måtte grave seg ned i hytta ovenfra og bytte et nytt tak av snø.

Senere ble jo hyttene likere, men mange av de gamle rekvedhusene bruker vi ennå. Det er en selsom polarstemning inne i en slik bjørkekåk en vinterkveld. De er liksom landmerker i den lokale historien fordi de hører det første landnåmet til.

De er minnesmerker om pionerer som bygde landet og reiste norske farger – menn som John Giæver og Søren Richter.

I dag finner en norske fangsthytter langs kysten, i fjordene og i de store innlandsdalene helt fra 71 ½ ° i sør opp til 77 ½ ° i nord. – Fra Antartichamn til Germanialand. De «moderne» hyttene er ellers av forskjellig kvalitet de også. Noen er 2 ½ x 2 ½ meter, bygd av pløyde bord og trukket med papp. Andre er mindre og slått sammen av flisete rubord. Men mange av dem ble satt opp av en mann alene, og ofte midt på svarte vinteren. Arkitekturen er det ikke så nøye med. Der er ubegrenset tilgang på frisk luft i de husene, og om vinteren er frisk luft bitende kald.

Trass i alt er det en ren forjettelse å nå fram til en fangsthytte i tussmørket. De byr på ly for stormen og lun varme så lenge flammene larmer i båtovnen. Der er det kaffe eller hermetisk melk til å stille den ulidelige polartørsten med. En boks med frossen lapskaus kan en finne der, en brunet moskussteik eller en hare til fordeling mellom mann og bikkjer. Det er en brisk å ligge på og en bok som er lest mange ganger av mange menn.

Jeg kom til å holde av disse primitive småhyttene i snøfonner og på barbrinker. Kom jeg alene til en av dem, var jeg så ensom som noe menneske kan bli. Og det er bra iblant å



*Hytte på Krogness 2006. Foto Ole Chr. Røren*

være ensom. Døgnene der var saktens like, og det er lite av egentlige opplevelser å minnes. Men likevel etterlot de seg forunderlige bilder dypt i sinnet.

De talte liksom sin egen historie med blyantstreker på avisapapiret som var klistret på veggene for å tette igjen de verste hullene. Der hadde de ligget værfast og talte døgnene, Giæver og kameratene hans, og for hver dag som gikk, satte de et kryss på veggen over køya.

I en av disse hyttene var det også skrevet en hilsen fra en ung fangstmann, som kom dit i 1932. – Jeg forlater Krogness i dag, den 1. mai, for å kjøre opp til Kapp Herschel, sto det. Ingen har sett ham siden. Han nådde aldri Kapp Herschel der faren hans ventet på ham. Sannsynligvis hadde han tatt en snarvei tvers over fjorden og var antakelig gått gjennom isen. Dagene gikk og da han ikke kom, tok de til å lete etter ham. Faren fant ryggsekken hans som var drevet i land ved Kapp Herschel. Det var alt.

Fred – sier en – og jeg ser helt uvilkaarlig for meg en ørliten svart hytte under et bratt berg. Det er milevis med frossent hav mellom den og resten av verden. Og der sitter en mann og vet ingen ting om alt som er skjedd på alle disse årene.

De har sine egne lover disse overvintrerne. – Berg deg sjøl og del med andre, er deres motto. De deler broderlig alt de har – en kilo sukker, et moskuslår eller en sigarett. Og det er ikke noe å takke for heller, for slik skal det være.




*Henri Rudi og John Giæver. Foto frå John Giæver*

Kommer en fram til en fangsthytte i snøen, er det ens rett å gå inn og ta for deg av det som er. Og er eieren hjemme, er det en selvfølge at han setter fram alt det beste han har. Han gir villig køya si til gjesten mens han selv krøller seg sammen på golvet om natten.

